

**Fylkesstrategi for
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
2026-2029**



**Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag**

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vedtok på landsmøtet 2025 ein ny strategi for perioden 2026-2029. Denne strategien gjeld for heile organisasjonen, og både lokal- og fylkeslag har ansvar for å bidra til at måla i strategien vert oppnådd. Denne fylkesstrategien er ein operasjonalisering av Norsk Bonde- og Småbrukarlag sin strategi 2026-2029, med føremål om å tydeleggjera Hordaland Bonde- og Småbrukarlag sine prioriteringar og bidrag i strategiarbeidet.

Bakgrunn

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag er i landssamanheng eit relativt stort fylkeslag som over tid har utgjort om lag 10% av den samla medlemsmassen i NBS. Etter kvart som medlemsmassen veks nasjonalt, bør vi ha som mål at vår andel ikkje går ned. Innanfor landbrukspolitikken har NBS allereie dei beste løysingane, men for at vi skal få gjennomslag treng vi fleire medlemmar, ein meir levande grasrot, meir aktivitet og ein meir robust og profesjonell organisasjon. På fylkesnivå meiner vi at det er her vi bør leggja inn energien i denne strategiperioda.

Hordaland har eit stort potensial når det gjeld organisasjonsbygging og medlemsvekst. I vår region er det mange småbrukarar og mange små landbrukseigedomar samanlikna med landssnittet. Dette er folk som bør ha interesse av å støtta Norsk Bonde- og Småbrukarlag sin politikk. Vi er òg ein folkerik og urban region med Bergen som største by og mange menneske som bryr seg om norsk og lokal mat. Her bør det vera store moglegheiter for å skapa engasjement og verva fleire medlemmar.

Ein sterkare organisasjon byggjast stein for stein med langsiktig arbeid. Alt kan ikkje gjerast på ein gong, og vi må ta utgangspunkt i der vi er i dag og bruka dei begrensa ressursane vi har best mogleg. Vårt mål er at vi gradvis over denne fireårsperioden får eit sterkare og meir aktivt lag som vil resultera i fleire medlemmar, større ressursar, større politisk gjennomslag og eit betre organisasjonsapparat.

Hordaland sine mål

Dei overordna måla og temaa til NBS sin strategi ligg som fundament, og fylkeslaget vil jobba for at alle måla i strategien vert nådd, men vi vel oss ut nokre mål som vi ynskjer å fokusera særleg på i vårt fylke. På dei neste sidene viser vi kva mål frå strategien vi har valt ut, og korleis vi vil jobba med dei i Hordaland. Vi har óg eit mål om at vi skal nå 1000 medlemmar innan 2029, i tråd med NBS sitt mål om å nå 10 000 medlemmar.

Innanfor satsingsområde 3: Byggja ein livskraftig organisasjon

Frå strategien:

Delmål 3a

Alle medlemmer skal være med i et aktivt lokallag

En livskraftig organisasjon består av engasjerte medlemmer som opplever glede og nytte av medlemskapet. Vi skal arbeide for at alle medlemmer får mulighet til å ta del i et aktivt lokallag som tilbyr faglige relevante aktiviteter og utgjør et naturlig sosialt samlingspunkt i bygda. Vi skal bygge en organisasjonskultur som tar godt imot nye medlemmer.

Mål for Hordaland:

Alle medlemmar i Hordaland skal ha i eit aktivt lokallag der dei bur.

Delmål:

- Alle lokallag gjennomfører aktivitetar som er retta mot medlemmane (minimum to aktivitetar i året i tillegg til årsmøte)
- I dei områda av fylket kor ein ikkje har eit lag i dag, men kor det er grunnlag for medlemsvekst, vert det etablert nye lokallag

Korleis skal fylkeslaget arbeida i laupet av strategiperioda for at desse måla vert nådd:

- Etablere rutinar for jamleg kontakt med lokallaga slik at ein kan bistå tidleg ved behov når lag er inaktive
- Leggja til rette for lokallagsaktivitet gjennom økonomisk, administrativ og kommunikasjonsmessig støtte der det er behov
- Prioritera besøk til lokallaga når det er ønskeleg
- Søkja prosjektmidlar og samarbeid som kan auka aktivitetsnivået
- Kartleggja område kor ein manglar lokallag og sjå om ein kan etablere nye lag
- Dela gode døme på aktivitetar og jobba for at lokallaga kan inspirera og støtta kvarandre

Frå strategien:

Delmål 3c

Være en attraktiv organisasjon for unge

Ungt engasjement er avgjørende for organisasjonens arbeid over tid. Vi vil jobbe spesifikt for å øke engasjementet og deltakelse blant unge i organisasjonen. Vi skal være en plass for kunnskapsutveksling med erfarne bønder i lokallag, med muligheter for å være med å endre det norske og internasjonale matsystemet. Vi skal gjennomføre konkrete aktiviteter som retter seg mot unge, både lokalt og på landsbasis.

Mål for Hordaland:

Vi skal ha ei ungdomssatsing i fylket som styrkar medlemsengasjementet blant unge og gjer NBS til ein naturleg organisasjon for unge å melde seg inn i.

Delmål:

- Vi har eit solid ungdomsutval som har som særleg ansvar å jobba med rekruttering og synlegheit overfor unge medlemmar
- Vi gjennomfører fleire arrangement og aktivitetar spesifikt retta mot unge som målgruppe
- Vi har strukturer og rutinar som styrker dei unge si stemme og påverknadskraft innad i organisasjonen

Korleis skal fylkeslaget arbeida i laupet av strategiperioda for at desse måla vert nådd:

- Støtta ungdomsutvalet i arbeidet med å styrka og profesjonalisera sin aktivitet, herunder bistå med koordinering og ressursar i oppbyggingsfasen
- Sikra jamleg kontakt med ungdomsutvalet gjennom å formalisera utvalet sin rett til ein plass i fylkesstyret
- Nyttja ungdomsutvalet som ein ressurs for å støtta lokallaga i å inkludera unge og gjennomføra fleire aktivitetar som er målretta mot unge
- Søkja samarbeid med fylket sine naturbruksskuler og vera til stade på fleire arenaer kor unge er til stade
- Oppmoda til ungt engasjement og deltaking i høve t.d. jordbrukstingingane

Frå strategien:

Delmål 3d

Legge til rette for langsiktig medlemsengasjement

Innsats fra medlemmer og tillitsvalgte er det som gir oss slagkraft. Medlemmer skal føle seg hjemme i NBS. Det skal være mulig å være tillitsvalgt over tid med ulik bakgrunn og livssituasjon. Vi skal bygge systemer og strukturer som sikrer kontinuitet og bærekraftig engasjement i organisasjonen. Vi skal dyktiggjøre våre tillitsvalgte fra grasrota og opp, og bygge kompetanse i organisasjonsdrift og – ledelse.

Mål for Hordaland:

Vi skal byggja strukturer som styrkar organisasjonskompetanse og legg til rette for langsiktig medlemsengasjement.

Delmål

- Alle medlemmar kjenner seg inkludert og heime i NBS
- Tillitsvalde har naudsynt kompetanse i organisasjonsdrift
- Vi har ein organisasjonskultur som gjev rom til at folk kan utvikla seg, læra, engasjera seg og bruka ressursane sine til det beste for heilskapen

Korleis skal fylkeslaget arbeida i laupet av strategiperioda for at desse måla vert nådd:

- Skapa møteplassar og kompetansehevingstiltak lokallaga treng for å kunna utveksla erfaringar og styrka sitt organisasjonsarbeid
- Arbeida for å innføra naudsynte rutinar i organisasjonen som kan styrka fylkes- og lokallaga i arbeidet med medlemsengasjement og organisasjonsdrift
- Utvikla ressursar, kursmateriell m.m. som ein ser er naudsynt i organisasjonsopplæringa, eventuelt i samarbeid med landslaget
- Jobba med bevisstgjerings kring organisasjonskultur og korleis vi møter, involverer og inkluderer nye og eksisterande medlemmar i organisasjonsarbeidet

Innanfor satsingsområde 4: Auke synlegheit og sette agenda

Frå strategien:

DELMÅL 4A

Bygge allianser og samarbeid

Alliansebygging har i all tid vært sentralt i vårt arbeid, og i denne strategiperioden skal vi fortsette å bygge sterke allianser. Vi vil søke samarbeid med sivilsamfunn, forsvaret, fagbevegelse, næringsliv, miljøbevegelse og landbruksorganisasjoner for å bygge forståelse for utfordringene vi står i og engasjement rundt felles løsninger. Vi skal være et åpenbart valg for andre som søker samarbeid for et bærekraftig matsystem. Arbeid med alliansebygging skal være naturlig i alle ledd av organisasjonen.

Mål for Hordaland:

Vi skal styrka vårt samarbeid med gamle og nye alliansepartnarar, og byggja engasjement for eit berekraftig matsystem på tvers av organisasjonar.

Delmål:

- Vi vert oppsøkt og inkludert som ein naturleg samarbeidspartnar for aktørar som på ulike måtar engasjerer seg for eit berekraftig matsystem
- Vi vert sett på som ein konstruktiv og truverdig aktør med gjennomslagskraft

Korleis skal fylkeslaget arbeida i laupet av strategiperioda for at desse måla vert nådd:

- Aktivt søka moglegheiter for nye samarbeid med aktørar kor ein kan foreina krefter for å få gjennomslag for våre politiske mål
- Prioritera å vera synleg på arenaer kor ein byggjar alliansar og når breiare ut
- Arbeida systematisk opp mot politikarar og organisasjonar med jamleg kontakt, kompetansebygging og samarbeid
- Involvera relevante aktørar i ulike arrangement og aktivitetar, anten som medarrangørar, deltakarar, panelistar eller anna

Her er vi i 2030:

- Vi har minst 1000 medlemmar i Hordaland
- Alle medlemmar i fylket har eit aktivt lokallag der dei bur
- Vi har eit sterkt ungdomsutval og er ein naturleg organisasjon for unge å engasjera seg i
- Vi har dyktige og kompetente tillitsvalde, og ein inkluderande organisasjonskultur med fokus på langsiktig engasjement
- Vi er ein naturleg samarbeidspartnar for alle som engasjerer seg for eit berekraftig matsystem